



O K Charter AS
Vestbygdvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2613 - 17/10115

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
18.05.2017

Krav om utsatt iverksetting - GBNR 54/1 - Dispensasjon til oppføring av naust m.m - Husebø

Fylkesmannen i Hordaland har i brev datert 8.5.2017 klaga på vedtak om dispensasjon for oppføring av naust m.m, som vart gjeve av Utval for drift og utvikling i møte den 25.4.2017, sak 44/2017. Fylkesmannen ba samstundes om at vedtaket vart gitt utsatt iverksetting til dess klagesaka er ferdig avgjort, jf. forvaltningslova (fvl) § 42.

Hovudregelen for eit forvaltningsvedtak er at det trer i kraft frå det tidspunktet vedtaket er fatta og meldt til vedkommande part. Vedtaket vil då straks kunne gjennomførast. Det følgjer likevel av fvl § 42 første ledd første setning at «*[u]nderinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort.*»

Ei beslutning om at eit vedtak skal gis utsatt iverksetting er ei avgjerd etter fritt skjønn, og adgangen til å beslutte utsatt iverksetting er grunngeve i omsynet til rettstryggleik. Ved å beslutte utsatt iverksetting kan ein hindre at gjennomføring av vedtaket medfører uoppretteleg skade eller tap.¹

Det må i vurderinga takast omsyn til verknaden av at vedtaket vert sett i verk straks. I følgje Sivilombudsmannen må «*avgjørelsen (...) måtte bero på et helhetlig skjønn basert på en foreløpig vurdering av klagen og av de ulike interesser og forhold knyttet til selve klagesaken.*»²

I vedtak datert 25.4.2017, sak 44/2017, vart det gitt dispensasjon for oppføring av naust m.m. Følgjande står i saksframlegget under punktet for vidare saksgang, i tredje avsnitt:

«*Byggetiltaket kan ikkje gjennomførast før det ligg føre eige vedtak om byggjeløyve, jf. pbl. kap. 20.*»

Det vart søkt om løyve til tiltak i søknad journalført motteke 6.4.2017. Denne er ikkje handsama av Meland kommune enno, og byggjetiltaket kan difor ikkje gjennomførast på noverande tidspunkt.

¹ Kommunaldepartementet i rundskriv H-17/92

² Sivilombudsmannen si årsmelding 1985 s. 154

Ei gjennomføring i samsvar med dispensasjonen som er gitt vil medføre uoppretteleg skade eller tap i strandsona. Administrasjonen finn difor grunnlag for å beslutte at vedtak om dispensasjon for oppføring av naust m.m, datert 25.4.2017 i sak 44/2017, må gis utsatt iverksetting, jf. fvl § 42. Vi gjer merksam på at vi ikkje har teke stilling til realiteten i klagesaka.

På bakgrunn av det ovannemnde vil søknad om løyve til tiltak, journalført motteke 6.4.2017, ikkje handsamast før klage på dispensasjonen er endeleg avgjort.

Ei avgjerd om å gje utsatt iverksetting etter fvl § 42 er ikkje eit enkeltvedtak, men ei prosessledande avgjerd som ikkje kan klagast på.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bernt Johan Husebø
Fylkesmannen i Hordaland

Husebøvegen 54 5917
5020

ROSSLAND
BERGEN

Mottakere:
O K Charter AS

Vestbygdvegen 11 5918

FREKHAUG